


Tverrfagleg team for barn mellom 0-6 år Vestnes Kommune



Tverrfagleg team for barn mellom 0-6 år skal hjelpe foreldre, barnehageansatte, eller andre fagansatte i Vestnes kommune med spørsmål, råd og drøfting.

Kva tilbyr vi?

Vi er eit fast team med medlemmar frå barnevern, helsestasjon og PPT. Felles er ein god kompetanse om barn og barns utvikling. Vi har ulike arbeidsområde og oppgåver, og vil også ha ulike tankar vi dreg med oss inn i teamet. Difor kan vi tilby råd og rettleiing knytt til både utvikling, fysisk/psykisk helse, familielivet, og barnehagetilbod.

Døme på innhald:

- Informere om kommunale tenester, og alternativ vidare (td kontakt på helsestasjon/ tilvising PPT)
- Drøfte og kome med innspel på tiltak heime eller i barnehagen
- Vere ei støtte i kommunikasjon mellom barnehage og heim

Kven kan få hjelp?

- Føresette til barn i barnehage
- Føresette til barn som ikkje går i barnehage
- Barnehageansatte
- Faginstansar som er knytt til barn mellom 0-6 år (td. Jordmor, fastlege, NAV, etc).

Føresette skal alltid gje samtykke til at namngitt barn vert drøfta i tverrfagleg team (jmf teieplikt).

Kva skjer på møta?

Teamet møtast kvar tysdag i partalsveker, mellom 0830-1100. Vi møter på dei aktuelle barnehagane, men også på kommunen sine møterom på kommunehuset eller ved Ressursenteret.

Korleis går du fram for å få drøfte ei problemstilling?

Tverrfagleg tema for barn mellom 0-6 år har eige innmeldingsskjema. Skjema finn du på Vestnes Kommune si heimeside www.vestnes.kommune.no.

Foreldre som ynskjer å melde inn sak oppmodast til å gjere dette i samarbeid med barnehagen. Barnehagen skal alltid få samtykke frå føresette før dei melder inn sak, og det er ein føresetnad at både føresette og barnehage har ynskje og moglegheit til å delta på møtet.



Vestnes
kommune



midt i blinken

Tverrfagleg team for barn mellom 0-6 år er samansett av faste fagpersonar frå Eining for barn, unge og familiar, barnevern og PPT.

Koordinator og kontaktperson er familierettleiar som held til på Helsestasjonen martin.sunde@vestnes.kommune telefon 71184094/ 91747219